

Frivillighetsfond

Kommunen ønsker å stimulera til at engasjementet for Bokn som samfunn er stort. Me er veldig takksame for den jobben som blir gjort av dei frivillige lag og organisasjonane på alle plan. Eit samla kommunestyre foreslo derfor å leggja inn ei bevilling til gode formål i budsjettet for 2016. Bokn kommunestyre vedtok 16. desember 2015 å løyva kr 100 000 til eit frivillighetsfond til delvis støtte for småprosjekt som styrkar Bokn-samfunnet utført av frivillige organisasjonar og lag.

Dette inneber at frivillige organisasjonar og lag som har spesielle småprosjekt, som er med på å styrka boknasamfunnet, kan søka om å få finansiert inntil 1/3 av kostnaden gjennom dette fondet. Maksbeløpet per søknad er sett til kr 20 000,-.

Bevillinga er eit eingongsbeløp og fondet fungerer så lenge det er midlar. Det er berre å vera kreative og komma med gode søknader.

Søknaden krev ein kort presentasjon av prosjektet, og eit enkelt budsjett.

Søknadene blir behandla fortløpande i den rekkefølga dei kjem inn, og skal ha kort saksbehandlingstid.

Frivillighetsfondet blir administrert av gruppeleiarar saman med ordførar.

Søknad skal sendast til kommunen på post@bokn.kommune.no med kopi til ordførar på osmund.vaga@bokn.kommune.no

Me håpar fondet inspirerer det vidare arbeidet for lag og organisasjonar, ser fram til å behandla søknadene og sjå dei ferdige prosjekta.

Med helsing

Ordførar og gruppeleiarar